



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Astrid Holte, 5557 2319

Vår dato
05.06.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2013/16329 471
Dykkar referanse

Til kommunar i Hordaland

Etterlyser oversikt over hamner og minner om frist for innsending av avfallsplan

Forureiningsforskrifta kapittel 20-6 om avfall og lasterestar frå skip gjev kommunane i oppgåve å sende oversikt over alle hamner i kommunen til Fylkesmannen. Frist for innsending var 1. januar 2014, men Fylkesmannen har til no berre fått oversikt over hamner frå nokre få kommunar. Vi ber kommunane som ikkje allereie har sendt dette, om å sende oversikt over hamner til Fylkesmannen snarast og seinast innan **1. juli 2014**.

Vi minner også om at kommunane innan 1. juli 2014 skal lage felles avfallsplan for småbåthamner.

Miljødirektoratet har tidlegare sendt brev med informasjon om kommunane sine oppgåver etter dette regelverket og eit excel-ark som skal nyttast til å lage oversikt over hamner, sjå vedlegg. Vidare har dei laga ein rettleiar for utarbeiding av avfallsplanar for hamner med malar, sjekklister mv., sjå

- <http://www.miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/2014/April-2014/Veileder-til-utarbeidelse-og-godkjenning-av-avfallsplaner-i-havner/>
- <http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Forurensing/Avfall/Avfallsplaner-i-havner/>

Med helsing

Nina Vadøy e.f.
overingeniør

Astrid Holte
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.